



## Statens vegvesen

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Behandlende enhet:  
Vegdirektoratet

Saksbehandler/telefon:  
Jan Andresen / 61271122

Vår referanse:  
17/47064-7

Deres referanse:

Vår dato:  
01.10.2019

### Forslaget til nasjonal ramme for vindkraft – forholdet til Nasjonale turistvegar. Høyringsfråsegn

Vi viser til NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft datert 1. april 2019 med frist 1. oktober for uttale. Statens vegvesen har i brev datert 26. juni 2019 kommentert ramme- forslaget med vekt på transportutfordringane knytt til bygging av vindkraftverk. Denne fråsegna omtalar forholdet til turistattraksjonen Nasjonale turistvegar.

Med Statens vegvesen i førarsetet og Samferdselsdepartementet i ryggen har det gjennom målretta arbeid i 25 år vokse fram ein ny turistattraksjon til glede og nytte for ein av Norges viktigaste næringar, ikkje minst i distrikta. Bileta frå nasjonale turistvegar går verda rundt. Spannande arkitektur og tankevekkande kunst i unike landskap som blir opplevd som ekte, får stor merksemd. Innovasjon Norge sitt gamle slagord «nyskapande i pakt med naturen» får konkret innhald, vegfarande turistar legg ferien sin til Norge og nasjonen Norge sitt omdømme blir styrka. Menon Economics sine analysar frå 2017 og 2019 stadfestar at satsinga på Nasjonale turistvegar har ført til auka verdiskaping i tråd med det overordna og langsiktige målet for satsinga.

I NVE sitt forslag til rammeplan for vindkraft og tilleggsutgreiinga om vindkraft og reiseliv er det erkjent at urørt natur og landskapsopplevingar er eit viktig konkurransefortrinn for den norske reiselivsnæringa og at dei gode opplevingane av urørt natur er viktig for Norges omdømme. Reiseliv er ei næring i vekst og sjølv om ein per i dag ikkje kan dokumentera dei store tapa som følgje av vindkraftanlegg, vil ei storstilt utbygging kunna gi vesentlege uheldige verknader for reiselivsnæringa.

I analysearbeidet for å finna fram til dei mest eigna områda for vindkraft har reisemål med nasjonal verdi eller stor regional verdi blitt sett på som relevante. Nasjonale turistvegar som nasjonal reiselivsressurs har vore brukt som nyttig kjeldemateriale for å skildra eksisterande reiselivsnæring på overordna nivå i analyseområda. I den harde eksklusjonen av område som

Postadresse  
Statens vegvesen  
Vegdirektoratet  
Postboks 6706 Etterstad  
0609 OSLO

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Industrigata 1  
2619 LILLEHAMMER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

er uaktuelle for vindkraft var nasjonalparker, landskapsvernområde og andre verneområde over 3 km<sup>2</sup> samt innsjøar med areal over 10 km<sup>2</sup> to av kriteria. Statens vegvesen med sitt oppdrag gitt av Regjering og Storting saknar attraksjonen Nasjonale turistveggar som eit slikt omsyn i valet av område for nye vindkraftanlegg.

NVE sitt forslag til Rammeplan for vindkraft inneheld to geografiske område med nasjonale turistveggar. Dette er Vest-Finnmark der Nasjonal turistveg Havøysund ligg midt i området og Sunnfjord og Sogn der Nasjonal turistveg Gaularfjellet er nærmaste nabo.

I Vest-Finnmark blei det i 2005 søkt om konsesjon for Snefjord vindkraftverk. Statens vegvesen konkluderte med at denne vindparken ikkje let seg kombinera med fylkesveg 889 frå Kokelv til Havøysund som nasjonal turistveg etter klart råd frå Kvalitetsstyret for nasjonale turistveggar. I styret deltok Reiselivsbedriftenes landsforeining (NHO Reiseliv), Norges Automobilforbund, Direktoratet for naturforvaltning (Miljødirektoratet), Fjord-Norge og Nordland reiseliv. Styret si oppgåve var å sørja for at dei nasjonale turistvegane blir ein nasjonal turistattraksjon som kan marknadsførast som eige varemerke i tråd med det statlege oppdraget sitt overordna mål. Fråsegna er datert 6. januar 2006. Vurderinga er den same i dag.

Sunnfjord og Sogn i rammeplanen femner om areal med nærleik til det verna Gaularvassdraget og Viksdalen. Nasjonal turistveg Gaularfjellet følgjer Gaularvassdraget frå høgfjellet og ned mot fjorden. I dette området er det fare for at framtidige vindkraftanlegg vil komma i konflikt med dei kvalitetane som er Nasjonale turistveggar sitt særpreg. Vi er her kjent med at utbyggingsselskap allereie er i gang med planlegginga og skaffa seg nødvendige rettar frå grunneigarar. Vi har i brev til Gaular kommune datert 28. august varsla at utbygging av vindkraft i dette området kan føra til så store visuelle endringar av landskapet at fylkesvegen frå Eldalsosen til Sande ikkje lenger kan klassifiserast som nasjonal turistveg.

Nasjonale turistveggar blir marknadsført som køyreturar gjennom landskap med unike naturkvalitetar der vegfarande turistar skal få oppfylt sine høge forventningar til Norge, med opplevingar som kjennest ekte og opphavlege både undervegs og på tilrettelagte stopp. Statens vegvesen tek ikkje del i vindkraftdebatten, men har plikt og ansvar for å klargjera kva følgjer ulike anlegg vil kunna få for strekningane sin status som Nasjonale turistveggar. Ut frå dette vil Statens vegvesen be om at omsynet til Nasjonale turistveggar blir tillagt avgjerande vekt ved valet av område for lokalisering av vindkraftanlegg. Dette gjeld for dei føreslegne områda i Sogn og Sunnfjord og Vest-Finnmark, men også i handsaminga av konsesjonssøknader som elles måtte dukka opp i område som er vertskap for attraksjonen Nasjonale turistveggar.

Statens vegvesen  
Med helsing  
Jan Andresen  
Avdelingsdirektør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*